

Sammendrag av merknader

Det kom inn 7 merknader i samband med varsel om oppstart av planarbeidet i mai 2016. Av desse var det 2 merknader fra offentlege høringspartar og 5 frå private.

Merknader frå offentlege høringspartar

Nr.	Frå	Gjeld eigedom	Merknader og innspel	Kommentar
1	Lindås kommune Plan- og miljøutvalet, datert 08.06.2016		Råd for menneske med nedsett funksjonsevne: meiner at det er viktig å ta omsyn til menneske med nedsett funksjonsevne spesielt i utbyggingsperioden og at ferdige løysningar vert universelt god for alle innbyggerane. God informasjon om prosessen er viktig. Me ynskjer at det skal være med ein brukarrepresentant i planarbeidet. Plan- og miljøutvalet er positiv til å utbetre kollektiv utfordringane på Flatøy. Planarbeidet må ta opp i seg fylkesregionale planar om transport-, samferdsel-, kollektiv og regionsenter utvikling i Hordaland.	Merknadene vert teke til etterretning. Det vert lagt vekt på å regulere løysingar som har universell utforming.
2a 2b	Hordaland fylkeskommune, Fylkeskonservatoren, datert 13.03.17		Flatøy er rik på kulturminne. Innanfor planområdet er det frå før kjent fleire steinalderbuplassar og to SEFRAK- registrerte bygg. 02 feb. 2017 ble det gjennomført ei synfaring.	Merknaden vert teke til etterretning. 18.05.2017 gjennomførte fylkeskommunen ei arkeologisk undersøking som medførte at

			Med bakgrunn i dette konkluderer HFK med at det er naudsynt med ei mindre arkeologisk registrering.	steinalderbuplassane i planområdet har endra status frå automatisk freda til ikkje freda. I brev datert 05.07.17 melder fylkeskommunen at den ikkje har avgjerande merknader når det gjeld omsynet til kulturminner.
--	--	--	---	--

Merknader frå private høyringspartar

Nr.	Frå	Gjeld eigedom	Merknader og innspel	Kommentar
3	Kristian Samuelsen, datert 16.01.2017	Gnr./bnr. 1/19, 20	E-post: I kommuneplanen er det lagt inn eit bustadareal, B1 som det er søkt disp. frå krav om områderegulering for å kunne detaljregulere. Det er eit inneklemt areal mellom eksisterande bustader og offentleg areal. Har fått avslag på dette då Statens vegvesen, i brev datert 22.12.2015, har rådd frå å gje disp. I varsel oppstart av reg. pl. arb. for kollektivknutepunkt og innfartsparkering på Flatøy står det at området vil bli regulert til samferdselsanlegg og teknisk infrastruktur. Innanfor planområde er kulverten i nord, under	Merknaden vert teke til orientering. Etter varsel om oppstart er planområdet blitt redusert, bl.a. i nord, slik at planen ikkje lengre tar med kulverten som det vert vist til. Kryssing av E39, i dette området, må løysast i annan plan.

			<p>E39, hovudadkomsten for nesten alle bustader på Flatøy i dag. Slik eg har forstått så setter den dårlege kulverten ein stoppar for vidare utvikling på Flatøy. Meiner derfor det er viktig at tilkomsten regulerast utbedra, i denne planen.</p>	
4	<p>Kirsten Flatøy og Irene Flatøy, datert 25.04.2016</p>	<p>Gnr./bnr. 1/285, ubebygd</p>	<p>Motsett seg at eigedom gnr. 1, bnr. 285, regulerast inn i planområdet. Finn det uakseptabelt at mindre private eigedomar bandleggast til nye føremål gjennom ein disp. søk. Ei slik endring av gnr. 1, bnr. 285, vil redusere verdien av eigedomen og legge helt nye føringar for framtidig bruk. Det er ei klar oppfatning at denne type omregulering av private eigedomar berre bør kunne gjerast i form av ein ny reguleringsplan. Berre dette vil sikre ein brei demokratisk prosess og naudsynt heilhet i planlegginga. Det er og viktig å understreke at gjeldande reg. pl., som har vært gjenstand for en demokratisk prosess blir respektert, og at ny planlegging blir gjenstand for tilsvarande planarbeid.</p>	<p>Merknaden vert teke til orientering. Gnr. Bnr. 1/285 får ikkje nytt reguleringsføremål i pågåande reguleringsplanarbeid</p>

5	Terje Helge Flatøy, datert 25.04.2016 og 31.05.2016	Gnr./bnr. 1/285, ubebygd	<p>Merknadene gjeld omdisp. av mindre privat eigedom gnr. 1, bnr. 285. Det må her reknast som helt uakseptabelt at mindre private eigendomar vert omdisponert til eit nytt føremål. Dette medfører i realiteten ein beslaglegging av eigendomen til nytt føremål. Det strider dessutan med reg. pl. for Flatøy Vest, som er gjeldande.</p> <p>Brønnen til mi eigedom gnr. 1, bnr. 80 ligg på bnr. 285. Ein omregulering vil legge føringar på bruken av eigendomen. Bnr. 80, har i dag ikkje parkeringsplass på eigendomen. Det kan derfor være av framtidig interesse å legge parkering på bnr. 285. Ei omregulering vil stengje for moglegheita.</p>	Merknaden vert teke til orientering. Gnr./Bnr. 1/285 får ikkje nytt reguleringsføremål i dette reguleringsplanarbeidet
6	Steinar Hansen, Svein Magne Krossnes, Kurt Magne Solberg, Anve Reidar Krossnes, datert 18.04.2016	Gnr./bnr. 1/68, 169, 174, 250, 275, 298	<p>Positiv til at det vert planlagt «ei betre løysing for gåande og syklande». Det har og potensiale for å trygge tilkomsten til Flatøyvegen nr. 10, 14 og 16. Vi har fleire gonger opplevd å få «rå-syklistar» på panseret i undergangen. Oppfattar at det vert planlagt for</p>	Merknaden vert teke til etterretning. I planforslaget blir det tilrettelagt for å kunne bygge trygge løysingar for gåande og syklande. Det vert då lagt vekt på å separere gåande og syklande frå motoriserte køyretøy.

			<p>samløkalisering av bussterminal og parkering ved å utvide dagens parkeringsplass, og at all busstrafikk skal gå til det området. Dagens busslommer og HC-parkering blir dermed fristilt. Vi meiner tiltaka som no vert planlagt må leggje til rette for at det kan bli separate trasear for køyrande, syklande og gåande. Helst bør det byggast no, men i alle fall leggje til rette for at dette vert bygd på eit seinare tidspunkt. Spesielt med tanke på at skolebarna på Flatøy etter ny plan må gå til ny bussterminal. Den undergangen bnr. 298,297,169 og 68 har kjørevei gjennom er i dag en etablert kryssing av hovudvegen til Flatøy. Ved å leggje om kjøreveg på nordsida kan undergangen brukast utelukkande til gåande og syklande. Det kan på denne måten enkelt etablerast ein separat gang-/sykkelveg som heng i saman med fortau på alle 3 bruer. Kjørehøgda i undergang er under 4 meter. Dette resulterer i at vi bl.a. ikkje får</p>	
--	--	--	--	--

			ned enkelte typar transport, som f.eks. betongpumpebil.	
7	Representant privat båtlag i Hansavika, 15.03.17		I tlf. samtale fortel repr. frå båtlaget at det er 6 stk. som har marinaplass. Dei har ikkje plassar som er spesifikt avsett til parkering i samband med bruk av marinaen, men parkerer i dag på innfartsparkeringa og går til marinaen, via kulvert.	Merknaden vert teke til orientering. I forslag til regulerings føresegner er det tatt med at tilkomst til marina, via gangsti, til ein kvar tid skal vere open for ferdsel. Dette gjeld og i byggjefasen. Det er førebels ikkje bestemt om innfartsparkering kan nyttast i samband med bruk av marinaen.